

Innkassering og føring av Lagsbruksavgift/"Lagsbruksskatt".

Avgifta er heimla i vedtektene til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

I § 14 Lagsbruksavgift vedtektene til Noregs Ungdomslag står det:

"Dei fylkeslaga og lokallaga i Noregs Ungdomslag som eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen, betalar kvart år eit tilskot, lagsbruksavgift, til organisasjonen. Avgifta er 1 promille av omsetnaden. Styret i Noregs Ungdomslag kan setje ned lagsbruksavgifta når det verkar urettvist å krevje ho inn."

Dette har me tolka slik at BLS ikkje blir kravd for Lagsbruksavgift.

VIII LAGSBRUK i Lov for Noregs Mållag står det:

§ 8.1 Dei fylkeslaga og einskildmållaga i Noregs Mållag som eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen, betalar kvart år eit tilskot - lagsbruksavgift - til organisasjonen. Tilskotet skal fastsetjast som del av omsetnaden. Nærare reglar er fastsette i "Føresegner for lagsbruk".

§ 8.2 Lagsbruk skal nytta nynorsk i verksemda si.

- Desse to landslaga er eigarar av varemerket Solfuglen, mens Norske Lagsbruk skal forvalta merket.
- Lagsbruksavgifta er gjort til "Avgift for bruk av Solfuglen som varemerke"
- **Der medlemmet si eigarverksemd er med i begge landslaga, skal avgifta delast likt på begge landslaga.**

Nr.	Medlem	NU-medlem	NM-medlem	Fritak
	Kontonummer	2246	2247	
1	Noregs Mållag (landslag)			x
2	Noregs Ungdomslag (landslag)			x
3	Bøndernes Hus AS, Oslo	x	x	
4	Bygdelagssamskipnaden (BLS), Oslo			x
5	AS TRONDARNES KAFFISTOVE OG BONDEHEIM	x		
6	Kaffistova AS, Mosjøen	x	x	
7	Ervingen AS, Bergen	x	x	
8	Siddisstova, Stavanger	x	x	x
9	Matstova, BUL Sarpsborg	x		
10	Busk-Mål AS (Gol)		x	
11	Mållaget i Kristiansand		x	